

## Set kursen mot Bergen

**HAAKON STEINAR VATLE** tek roret i The Tall Ship Races Bergen 2014. I ein e-post til Sunnhordland skriv Vatle at han har takka ja til eit tilbod om å verta prosjektleiar for seglskute-festen i Bergen i

2014. Vatle starta i stillinga 1. desember.

– Med fleire års fartstid frå SS «Statsraad Lehmkuhl,» og med ei gjennomgåande interesse for musikk og det maritime, så er prosjektleiar-

jobben i Bergen ein draum som går i oppfyljing og eit tilbod eg ikkje kunne takka nei til, skriv Vatle vidare.

Samstundes understrekar han at arbeidet med Stordfest 2013 går som planlagt.

– Arrangementet vil bli gjennomført under føresetnad av at arrangementet framleis er ynskjeleg for kommune, næringsliv og publikum. Det er allereie fleire utanlandske skuter som har teke kontakt i samband

med Stordfest 2013 og me tek sikte på å laga vårt beste arrangement i 2013, skriv Vatle vidare.

OLAV RØLI

olav@sunnhordland.no

# rbøker



referert til som ein av sunnhordlandsforfattarane, har i år gjeve ut romanen «Stille Natt» og essaysamlinga «Kunsten å komme heim og andre essay». Begge bøkene er gjeve ut på Samlaget. Hovland har også gjeve ut ei reiseskildring saman med Dag Helleve og Per Olav Kaldestad: «Hadde eg berre ei elv så lang skulle føtene fly: ei

reise i Canada» på Wigrestad Forlag.

■ Einar Økland frå Sveio har gjeve ut diktboka «Smil utan smilar» på Samlaget.

■ Agnes Ravatn frå Ølen har gjeve ut sakprosa boka «Folkelesnad» på Samlaget.

■ Erika Fatland frå Ølen er ute med «Englebyen» på Cappelen Damm.

■ Roald Kaldestad, Atle Hansen, Solfrid Sivertsen, Einar Økland, Helga Gunerius Eriksen, Ingelin Røssland og Tor Arve Røssland er alle bidragsytarar til «Trøysteboka», som er utgjeven på Skald forlag.

■ Steinar Hystad frå Stord med «Sant og usant frå den sunnhordlandske lygarbenken», eige forlag.

■ Magnus Stokken frå Fitjar er ute med diktboka «Klapp og lusing», eige forlag.

■ Monica Tofte Amundsen frå Bømlo debuterer med «Juleminner» frå sitt eige forlag, som ho har kalla Blest. Manglar det nokon på lista? Gje oss eit vink på redaksjonen@sunnhordland.no.

ANDERS TOTLAND

anders@sunnhordland.no



Anna R. Folkestad.



Erlend Flornes Skaret.

## Sel som berre det

**DEN MEST POPULÆRE** boka i lokale butikkar før jul er heilt klart Heidi Eikremsvik si bok om lokale mattradisjonar.

– Eg snakka med Otto Ersland i forlaget i går, som kan opplysa om at det er gått ut 2.700 bøker tre veker etter boklanseringa 10. november. Det er eg sjølvsagt strålende godt nøgd med, fortel Eikremsvik, som har gjeve ut boka i tett samarbeid med tilsette ved Sunnhordland museum, der både Jane Jünger, Tore Lande Moe og Astrid Elin Lønning har bidrege. Dette samarbeidet gjer at matboka dette året erstattar Sunnhordland årbok.

Men også andre lokale bøker sel bra.

– Lokale bøker toppar salslistene med god margin no før jul. Mest sel me av Steinar Hystad si boka frå lygarbenken og «Levande tradisjonsmat» går så det susar, fortel dagleg leiar Janet Sund i Ark Bokhandel på Bytunet. Dette inntrykket vert



Heidi Eikremsvik.

stadfesta av butikksjef Tone Vaka ved Notabene på Amfi Stord.

– Lokale bøker toppar, utan tvil. Dei to bøkene som alt er nemnd toppar, i lag med diktboka til Magnus Stokken, og «Juleminner» av Monica Tofte Amundsen, fortel Vaka.

MAGNE KYDLAND

magne@sunnhordland.no

# Julenøtter

## Opningstider i desember:

<b>Søndagsope</b>	
<b>11. og 18. desember</b>	<b>14-18</b>
<b>15.-23. desember:</b>	<b>10-21</b>
<b>Laurdag 17. desember:</b>	<b>10-18</b>
<b>Julaftan</b>	<b>10-13</b>

Meny, Apotek 1 og Vinmonopolet har egne opningstider

Premie laurdag:  
Gåvekort verdi kr. 500,- frå Amfi Stord

Kvar dag fram til julaftan på [sunnhordland.no](http://sunnhordland.no)